

Jorunn & Jostein Dyrkolbotn
Dyrkolbotn 50
5994 Vikanes

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Dykkar referanse: 14/7875 – 15/22168

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
18. 08. 2015	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Sakstr.	Tilgangskode

Dyrkolbotn 15.08.2015

Klage på vedtak: Løyve til tiltak utan ansvarsrett - Driftsbygg – gbnr 247/10

Syner til brev frå Signhild Dyrkolbotn til Lindås Kommune, datert 17.07.15.
Syner også i tidlegare korrespondanse i saka.

Me er veldig klar over Lindås Kommune i denne sak, bere skal behandla ein byggesøknad om driftsbygning. I brevet frå Signhild Dyrkolbotn datert 17.07.15, er anførsalar om sjølve byggesøknaden, samt det som i beste fall kan karakteriserast som "grove uriktigheter".

Det er dessverre ofte slik, at dersom ein uriktighet eller usannhet blir gjentatt ofte nok, særlig i skriftleg form, vil uriktigheten og/ eller usannheten, i mange døme til slutt bli oppfatta som sanninga.

Klok av skade, og for å gardere oss for ettertida, tillatar oss derfor sende dette brev, der dei uriktige påstandar frå Signhild Dyrkolbotn blir kommentert.

I utgangspunktet har ikkje underteikna noko i mot at Signhild Dyrkolbotn byggjer driftsbygning til geitehald. Dette på den klare føresetnad at dette ikkje er til ulemper for naboar.

I byggesøknaden har Signhild anført; *"Geiter kan vere vanskeleg å styre, men det er ikkje umogleg"*

Dette kan godt hende er korrekt, men det er underteikna sin udokumenterte påstand, at å greie å styre geiter, vil vera "eit under" nesten på lik linje med han som for ca 2000 år sidan lukkast "gå på vatnet".

I innleiinga i brevet frå Signhild datert 17.07.15, framsett Signhild ei rekke ukorrekte påstandar.

Heilt i innleiinga anfører ho gbnr 246/11.

Så vidt underteikna kjenner til, er ikkje gbnr 246/11 berørt av denne sak i det heile tatt.

Derimot er underteikna heimelshavar til gbnr 247/11.

At Signhild (feilaktig?) har skreve gbnr 246/11, legg underteikna til grunn må vera ein "skriveleif".

Og regnar med at når Signhild kan skrive slike "skriveleifar", ho då har same forståing for at andre kan gjera same feilen. (Tenker då på at det er anført feil lengdemål på eit skyldskifte for gbnr 246/14 frå 1977. Men det er i utgangspunktet ei anna sak, som vil bli tatt opp ved anna høve)

Vidare i sitt brev av 17.07.15, påstår Signhild at min bustadeigedom gbnr 247/11, ikkje er berørt verken i søknad eller i betinga utsleppsløyve. Og i avsnitt 3 i sitt brev påstår ho at eg verken har klagerett eller eig gbnr 247/11.

Desse påstandandane fell på sin eigen rimelegheit.

Det er underteikna som er eigar og heimelshavar til gbnr 247/11, og er då sjølv sagt nabo til Signhild sin planlagde driftsbygning.

Underteikna har motteke kopi av den opphavelige byggetillatinga, men har ikkje motteke opplysningar om det Signhild omtalar som "betinga" utsleppsløyve.

I sitt brev av 17.07.15 anfører Signhild at underteikna sin klage på byggjetillatinga er lite truverdig, av di eg er bistått av son min.

Det er ikkje så enkelt for underteikna å skjønna kva Signhild eigentleg meinar med ein slikt utsegn.

Skulde eg ikkje kunna bli bistått av son min, som er utdanna bygningsingeniør, når Signhild sjølv er "skarpskodd" advokat?!

I sitt brev av 17.07.15, skriv Signhild ein del om spillvanns- (kloakk) løysinga på sin omsøkte planlagde driftsbygning.

Det ho omtalar som gråvatn, og som underteikna reknar med er utslepp av vatn frå vaskeservant, er planlagt via slamavskiljar og sandfiltergrøft til utslepp i bekk. Alt dette nord for den planlagde driftsbygning. Dette er første gongen underteikna har motteke noko som helst av informasjon om utsleppsløyve. Signhild påstår i sitt brev av 17.07.15 at Jostein og eg har motteke slik informasjon tidlegare. Signhild Dyrkolbotn provoserast med dette leggje fram dokumentasjon på sin påstand. Underteikna har hatt fagkyndig personell til vurderer om det er mogleg få til ei kloakkløysing som Signhild har beskreve.

Konklusjonen derifrå er at det vil vera svært utfordrande og kostbart, kanskje ikkje mogleg i det det heile tatt, opparbeida dette "gråvassanlegget" (kloakkanlegg?), slik ein må tolka det som er beskreve i brevet frå Signhild datert 17.07.15.

Dette med tanke på bl.a tilgjengeleg areal for sandfiltergrøft (spreiingsgrøfter), tjukkelse på eksisterande jordsmonn for sandfiltergrøft og tilgjengeleg bekk (er usikker på kvar denne er, og underteikna har budd i området i over 50 år).

Ein ting er dette med "gråvatn".

Kva så med spillvatn (kloakk) frå driftsbygningen, både frå menneske og husdyr?

Reknar med det vil vera naudsynt med forskrifts messig spillvassanlegg (kloakkanlegg) for ein slik driftsbygning.

Korleis er dette tenkt løyst?

Utan at i skrivande stund har undersøkt det så nøye, har fått informasjon at frå av-renning frå ein driftsbygning, er det krav om tett tank for oppsamling av "kloakk" frå dyra.

Om dette medfører riktighet, legg til grunn at kommunen ser til at dette blir ivareteke i ein eventuell byggjetillating til driftsbygning.

Stiller også spørsmål til om ei forskriftmessig kloakkløysing kan opparbeidast av ukvalifiserte, dvs utan ansvarsrett?

Ber om at Lindås Kommune vurderer dette i si behandling av byggesøknaden.

Det underteikna er mest bekymra for, og som Signhild også omtalar i sitt brev datert 17.07.15, er at min bustadtomt gbnr 247/11, blir ein del av kloakkløysinga til den omsøkte driftsbygningen.

Det er stor grunn til å tru, at dersom den omsøkte driftsbygningen skal få ei forskriftmessig spillvass- (kloakk-) løysing, må min bustadtomt gbnr 247/11 bli ein del av spillvass- (kloakk-) løysinga.

Denne påstand til tross for at Signhild i sitt brev påstår ho "i første omgang" vil anlegga "gråvassanlegg nord for den omsøkte driftsbygning.

Klok av skade og erfaring, underteikna kan ikkje sitje roleg å sjå på at naboar tar seg til rette på min eigedom med å byggje kloakkanlegg over denne utan mi godkjenning, og i tillegg forringar mine verdiar.

Signhild anfører i sitt brev av 17.07.15, under kapitelet "planlagt bruk av gbnr 247/11" at det i kommuneplanen sin arealdel av 2011, og etter Signhild sitt ynskje, er teke inn at min bustadtomt gbnr 247/11", er tenkt nytta til kloakkreinseanlegg.

Dette er heilt ukjent for underteikna. Eg har i skrivande stund ikkje sjekka dette ut noko nærare påstanden til Signhild om kommuneplanen. Legg til grunn at bustadtomten min gbnr 247/11 ligg der den er, og at ingen kan ta seg til rette på denne utan vidare.

Ingen har varsla underteikna om at naboar har planlagt nytta min bustadtomt til "kloakk" (men særleg overraska er eg ikkje. Gjennom åra har erfart litt av kvart mtp naboforholdet).

Me ber om og legg til grunn, at Lindås Kommune nøye vurderer ALLE aspekt i si behandling av byggesøknaden om driftsbygning. Og i så henseande særleg vurderer om det som blir levert av teikningar og planer, både teknisk, økonomisk og miljømessig, er mogleg å gjennomføra.

“Ytterlegare imøtegåing. Historikk”

I Signhild Dyrkolbotn sitt brev til Lindås Kommune datert 17.07.15, i avsnittet ho har kalla “Ytterlegare imøtegåing. Historikk”, framset Signhild også ei heil rekkje feilaktig påstandar.

Viser til denne forbindelse til ovanfor nemnde, at me i Nipo / Dyrkolbotn er blitt vel vane med at det blant naboar i mange høve blir “spekulert i, at bere ei usanning blir framsett ofte nok, blir usanninga “ved eit under”, til ei sanning.

Gbnr 247/10 (leirskuletomten) blei på eit eller ann tidspunkt tidleg på 70-talet, etter skyldskifte skilt ut i frå fellesområde til dei 2 gardane i Dyrkolbotn, gbnr 247/1 og 247/2. (Gbnr 247/1 til hørde den gongen min no avdøde svigerfar, Olai Dyrkolbotn. Gbnr 247/2 til hørde no avdøde Haldor Dyrkolbotn).

Frå det same felles område til gbnr 247/1 og 247/2, kjøpte i 1972 min ektemann Jostein og eg (me har vore gifte sidan 1962), ein bustadtomt (gbnr 247/11). Jostein og eg betalte kr. 3000,- til Haldor for hans andel av bustadtomten vår (247/11). Den del av bustadtomten som blei skilt ut i frå gbnr 247/1, fekk me gratis av min svigerfar (far til min ektemann Jostein Dyrkolbotn).

Dei kr. 3000,-, som Jostein og eg betalte til Haldor for hans andel av bustadtomten vår (247/11), blei i 1972 betalt kontant til Haldor, mot kvitering.

Det som kan dokumenterast i dag, er at den 18.04.74 blei det tinglyst skøyte på garden gbnr 247/1, til eldste bror til min ektemann Jostein, Otto Jarl Dyrkolbotn (sjølv om Otto Jarl opphaveleg skrev denne i frå seg i 1961).

Same dagen, den 18.04.74, er det også tinglyst skøyte til min ektemann Jostein og underteikna, på bustadtomten vår 247/11.

Men det som er svært “merkeleg”, er at skøytet på bustadtomten vår 247/11, manglar signering av både min ektemann Jostein Dyrkolbotn og underteikna!

Etter vårt syn er derfor skøytet ugyldig, og ein skal gå ut frå skyldskiftet til bustadtomta.

Skyldskifte kan dokumenterast og er datert gjennomført 07.01.1974, og er tinglyst 18.02.1974.

Skyldskiftet er også signert av dei skal skulle signera på det, inklusive min ektemann Jostein og underteikna.

Ein må spørje seg, kordan det kan gå føre seg at eit skøyte er tinglyst utan at kjøparar har signert.

Forklaring på dette er som i mange andre høve i det som har gått føre seg i Nipo / Dyrkolbotn, det verkar som det er gjennomført planlagt “tåkelegging”.

I første halvleik av 70-talet, blei bygging av Dyrkolbotn Leirskule planlagt.

Tomtearealet som Dyrkolbotn Leirskule skulle byggast på, blei også skilt ut i frå fellesområde til dei 2 gardane i Dyrkolbotn, gbnr 247/1 og 247/2.

I forbindelse med dette, argumenterte Otto Jarl Dyrkolbotn (som påberopte seg vera svært godt teoretisk skulert) den gongen med at av “formelle årsaker”, og for å “lettaregjere prosessen”, blei Jostein og min bustadtomt (gbnr 247/11) skilt ut frå gbnr 247/10 (leirskuletomten). Dette i staden for å skilja bustadtomten til Jostein og underteikna ut i frå i frå fellesarealet til dei 2 gardane i Dyrkolbotn, gbnr 247/1 og 247/2, som ville vore det naturlege.

I forbindelse med eldste bror til Jostein, Otto Jarl Dyrkolbotn, i 1974 skulle tinglyse skøyte på gbnr 247/1 over på seg, blei det av praktiske årsaker gjort avtale om at Otto Jarl skulle syta for få utarbeida skøyte på bustadtomten (gbnr 247/11) til Jostein og underteikna, og få dette signert og levert inn til tinglysing. Otto Jarl skulle til Bergen i anna ærend nokre dagar baketter (og var sjølvverklært flink med dokument), skulle syta for få utarbeida skøyte, få dette signert og levert inn til tinglysing.

Det var ein klinkande klar føresetnad, skøytet til min bustadtomt 247/11, skulle byggjast på anførslar i skyldskiftet til bustadtomten vår.

Verken underteikna eller min ektemann Jostein, såg dette skøytet med eigen auger før i 1981, då Signhild kom og bad oss signere skøytet for gbnr 247/11(bustadtomten vår) over til gbnr 247/1.

Jostein uttalte munnleg å aksepterte desse, på særskilte vilkår. Desse vilkåra er aldri blitt innfridd.

Underteikna var ikkje einig i at bustadtomten vår (gbnr 247/11) skulle overførast til gbnr 247/1, og dette blei såleis heller aldri gjennomført.

Me såg altså ikkje skøytet på bustadtomten vår gbnr 247/11 med eige auger, og kva som var anført på skøyte, før i 1981

I forbindelse med min ektemann Jostein og hans søsken bygde opp Dyrkolbotn Leirskule, ble der tinglyst ei ektepakt mellom min man Jostein Dyrkolbotn og underteikna. I denne ektepakta framkjem det at bustadtomten gbnr 247/11 skulle vera underteikna si særeiga. Dette blei gjort for å minimalisera økonomisk risiko for min man Jostein og eg, i forbindelse med bygging av Dyrkolbotn Leirskule.

Til grunnlag for overdraginga av bustadtomten gbnr 247/11 til min ektemann Jostein og meg, kan det som ovanfor nemnd, dokumenterast eit skyldskifte (kartforretning) datert gjennomført 07.01.1974, som er tinglyst 18.02.1974.

Det som er noko besynderleg, er at skyldskiftet er signert av dei som skal signere på det, inklusive min ektemann Jostein Dyrkolbotn og underteikna.

Men på skøytet, som skulle utarbeidast på grunnlag av skyldskiftet, har verken min ektemann eller underteikna signert.

På sjølve skøytet er det også fleire "merkelige" anførslar, som ein må setje store spørsmålsteikn ved. Under rubrikken for kjøpesum, er der anført kjøpesummane 0 (null), kr. 3000,-, og "gave".

Så kan ein jo spørje seg kva han som utarbeida skøytet (Otto jarl Dyrkolbotn) meiner skal vera den korrekte sum.

På skøytet er der anført at "rettigheter og plikter som fastsatt i skyldskifte 7. januar 1974" skal gjerast gjeldande.

Men i tillegg til dette er det altså gjort "fleire og merkelige (ulovlege?)" anførslar på skøytet.

Bl.a er det gjort anførsel om at dersom bustadeigedomen gbnr 247/11 ikkje blir bygd på innan 5 år rekna frå 01.01.1974, skal eigedomen tilbake til gbnr 247/1.

Så kan ein jo spørje seg kvifor i all verden bustadtomten min (247/11) skulle tilbake til gbnr 247/1?!

Om bustadtomten min skulle tilbake til ein annan eigedom, var det jo nærliggande å tru at eigedomen primært skulle tilbake til der den kom i frå, nemleg gbnr 247/10 (leirskuletomten). Sekundært skulle ein tru at bustadtomten (247/11) skulle tilbake til opphavsleg eigedom, nemleg fellesarealet til gbnr 247/1 og 247/2. Men på skøytet er det altså gjort "ukjent" anførsel om at eigedomen (247/11), om den ikkje blei bygd på innan 5 år, skulle tilbake til gbnr 247/1! Forstå det den som kan!

Så må ein jo spørje seg kvifor Otto Jarl gjorde ein slik "tilleggsanførsel" på skøytet, utan Jostein og min sin viten (vår manglande viten om dette er dokumentert med at Jostein og eg aldri blei forelagt skøytet til signering, og heller ikkje har signert på dette.)

Det er stor grunn til å tru, at denne "tilleggsanførselen" er ei av årsakene til at min ektemann Jostein Dyrkolbotn og underteikna aldri blei fekk forlagt skøytet, før det blei sendt til tinglysning.

Jostein og underteikna hadde sjølv sagt ALDRI akseptert ein slik latterleg tilbakeførings-klausul (og det til feil bruksnummer) på skøytet for tomten vår.

Og det som er det værste er at verken Jostein eller underteikna har signert på skøytet. Dette til tross for at det var vår tomt som skøytet omhandla!

No bevegar seg ein kanskje litt langt inn i finjussens verden, og her er nok verken underteikna eller andre involverte kompetente til konkludere. Men slik skøytet framstår, er dette tinglyst på feilaktig grunnlag. Skøytet på bustadtomten min (247/11) skulle tinglysast på grunnlag av eit skyldskifte, men er blitt "manipulert" med.

Så skøytet må etter underteikna sitt syn, og inntil dette eventuelt blir belyst nærare, ansjåast som ugyldig! Det er skyldskifte gjennomført 07.01.1974, og som blei er tinglyst 18.02.1974, som skal leggest til grunn.

Kvifor personell hos sorenskrivaren har akseptert å tinglyse skøytet (gbnr247/11) i 1974, slik det framstod, er i utgangspunktet litt av eit "gåte".

Men på skøytet er det gjort mange 'skriblerier', og er så "rotete" utfyllt, det er nesten ikkje til å tru.

Skal ein våga seg ut på ein spekulasjon rundt kvifor personellet på sorenskrivarkontoret aksepterte tinglysa skøytet med Jostein og underteikna si manglande signering, personelleet på sorenskrivarkontoret er blitt forvirra av all "skrableriet" på skøytet, dei har trudd at Jostein og underteikna hadde signert.

På skøytet side 1, har Otto Jarl Dyrkolbotn (som har utarbeida skøytet), ført opp er namna til min ektemann Jostein og underteikna (blant fleire andre namn). Men på den sida på skjemaet kor ein skal signere, er det fleire som har signert, men altså ikkje Jostein og eg, som skøytet omhandlar.

Det heile er så "snedig" gjennomført, det er nesten ikkje til å tru.

Av andre påstandar i brevet til Signhild av 17.07.15, er nederst på side 1, gjort påstand om at bustadeigedomens min gbnr 247/11, opphavelig var tenkt som tomt til "vaktmeister".

Dette påstanden er også feilaktig, og fell også på si eiga urimelegheit.

Jostein og underteikna kjøpte og betalte opphavelig bustadtomten i 1972, skyldskiftet er dokumentert blei gjennomført 07.01.1974.

Min ektemann Jostein Dyrkolbotn byrja først å arbeida på leirskulen i september 1976!

Vidare er det i brevet frå Signhild av 17.07.15, gjort påstand om eit "forsvunne" skøyte frå 80-talet. Vel, underteikna har ALDRI signert noko skøyte på 80-talet!

Den 18.06.15 framsette stemor til Signhild, Randi Enger og mor til Sjur Dyrkolbotn (noverande heimshavar til gbnr 247/1), munnleg forslag om å avhalda møte med tanke på makebyte av tomter (min noverande bustadtomt gbnr 247/11, mot areal i nærleiken av min ektemann Jostein Dyrkolbotn og underteikna sin bustad gbnr 246/14).

Forslaget om at møte kring dette blei akseptert frå underteikna, i brevs form datert 23.06.15.

(Det er interessant for oss med makebyte av tomter, då ein eller fleire av borna til Jostein og underteikna, har gått, og framleis går, i tankar om å bygga seg hus i nærleiken av oss. Inntil no har dette synast "utfordrande". Eit alternativ til er å byggja hus på bustadeigedomens min oppe ved leirskulen (gbnr 247/11).

Men det hadde vore enda meir attraktivt byggja hus nede ved det eksisterande huset vårt ved gbnr 246/14).

Forhandlingsmøtet blei avholdt på Dyrkolbotn Leirskule måndag 29.06.15.

Til stades var Signhild Dyrkolbotn, Randi Enger, min son Bjørn Dyrkolbotn og underteikna.

På møtet blei forlagt oss eit usignert skriv, som skulle vera ein avtale mellom partane.

Underteikna fekk beskjed at eg måtte signere på dette, samt at eg måtte signere på skøyte der eg skulle overdra bustadeigedomens min gbnr 247/11(ca 3800 m²) til Signhild.

I byte for dette skulle min ektemann Jostein og underteikna bla. få 390 m² av tomten me allereie eig, samt ca 800 m² sør for huset vårt.

I det usignerte skrivet som Signhild hadde utarbeida (som truleg skulle framstå som avtaletekst til minneleg avtale mellom partane), var der også anført ein tekst som omhandlar tomten til huset me bur i (gbnr 246/14).

I det omtale skrivet SAK 2, pkt a) står anført; "*Utvidinga ser ut til å koma av at grensemerke D er flytta 13,6 meter austover*".

(Og på siste side i sitt brev av 17.07.15 til Lindås Kommune, tillét Signhild seg også skriva at "*merkestein som "har flytta på seg"*").

Til dette er det ikkje anna å tolka som at Signhild påstår me har flytta på ein merkestein på tomten til huset me bur i (gbnr 246/14).

Om så hadde skjedd, er dette som å påstå me har utført ei kriminell handling.

Det er klart at eit slikt utsegn vil medføra konsekvensar frå denne side.

På møtet på Dyrkolbotn Leirskule den 29.06.15 blei Bjørn og eg overlevert kopi av delar av skøytet på min bustadtomt gbnr 247/11 (tinglyst 18.02.74). Men den sida av dokumentet som inneheldt signeringar, var utelate.

Det er eit opent spørsmål om den viktigaste sida på dokumentet blei utelatt, i håp om at me ikkje skulle oppdaga at verken Jostein eller eg hadde signert på skøytet.

Me legg ved dette brev, kopi av alle sider av skøytet, samt kopi av skyldskifte datert gjennomført 07.01.1974, (vedlegg 1), i tilfelle Lindås Kommune ikkje tidlegare har fått dette over sendt frå Signhild.

Det som den 29.06.15 i utgangspunktet skulle vera eit forhandlingsmøte om makebyte av tomter, var ikkje noko forhandlingsmøte. Det framstod meir som ein trussel, der eg hadde med å signere, i motsett fall skulle eg få enda meira "bråk".

Sonen min Bjørn som deltog på møtet den 29.07.15, som er godt van med forhandlingsmøter, informerte motparten om at vårt utgangspunkt for møtet var "å lufte" om der i det heile tatt var grunnlag for å gå vidare i forhandlingar om makebyte. Vidare informerte Bjørn om på møtet, at vårt utgangspunkt om forhandlingar om makebyte, var byte om ca kvadratmeter for kvadratmeter.

Til svar på dette svara Signhild at; "*Jeg gir ikke fra meg noe som helst*"!

(Dette til tross for at det ikkje er Signhild som hadde måtta "gi frå seg noko", men derimot halvbroren Sjur Dyrkolbotn som er noverande heimeshavar til gbnr 247/1).

Bjørn og underteikna skjøna at det då ikkje var grunnlag for vidare forhandlingar, og forlèt møtet. Bjørn er som ovanfor nemnd, svært van med forhandlingar i bygge- og anleggs, og no også dei seinaste 10 åra i oljebransjen.

Han er sjølv sagt noko subjektiv i denne sak, men han seier han aldri i sitt yrkesaktive liv aldri har opplevd maken til "forhandling" som på det møtet den 29.06.15.

I ein kvar forhandling er det to partar, og som MÅ ha som utgangspunkt der er ei gjensidige har forståing for at partane kan ha motsett syn.

Dette fantes der ingen forståing for hos motparten (Signhild) på møtet den 29.06.15.

Me vart møtt meit ei arrogant haldning, og det på eit møte dei sjølv hadde initiert.

Det virka som Signhild verkeleg trudde at alle skulle vera eining med ho, uansett kva ho sette fram for (uriktige) påstandar. At Signhild i det heile tatt kunne innbille seg at underteikna skulle signere "på sparket" på noko som helst, særleg med tanke på kva som har gått føre seg i Dyrkolbotn, er ganske uforståeleg.

I Signhild sitt brev til Lindås Kommune av 17.07.15, er der påstått ulovlege disposisjonar rundt huset vårt gbnr 246/14.

Til dette er det å sei (skrive) er at det ikkje er gjort "disposisjonar" i det heile tatt sidan før 1982, og då var det min ektemann Jostein som var heimelshavar til naboeigedomen (gbnr 246/1).

Og "disposisjonane som blei gjort, var i hovudsak at der blei opparbeida plen like ved huset vårt på sørautsida av huset.

På møtet på Dyrkolbotn Leirskule den 29.06.15 snakka Signhild om ein foreldingsfrist som utgjekk den 30.06.15. Kva denne frist dette skal vere er ukjent for underteikna.


Forlikssklage mottok me laurdag den 15.08.15.

På forlikssklagen var stempla motteke Nordhordland Lensmannskontor den 01.07.15.

Om foreldingsfrist med det er overskrida, får me eventuelt koma attende til, når får oversyn over kva frist det siktast til.

Vedlegg: Kopi av skøyte for gbnr 247/11, tinglyst 18.02.74, samt kopi av skyldskifte datert gjennomført 07.01.1974

Med vennleg helsing


Jorunn Dyrkolbotn

Heimelshaver til gbnr 247/11